

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



Foto: Marit Skredegård

Konfirmantar 2024

- Rad 1: Sokneprest Janne Sukka, Nora Gigstad Tvenge, Mali Gustavsen, Therese Teigen Oldre, Maiken Rogne
Rad 2: Henrik Gangstad Nordli, Tias Hovi Berge, Ane Bunde, Ronja Kvalnes, Teodor Nybråten Berg, Jonas Rogne
Rad 3: Vemund Røn, Noah Hålien, Ådne Holden, Jørgen Kirkeengen Bergheim, Odne Krossøy-Gullhaug og
Oliver Lunde-Stensrud
Rad 4: Vinjar Lisjordet, Even Flyåker Dalen, Oscar Lunde-Stensrud, Thorvald Nesja



Den store feiringa av livet

Har du sett dåpsenglane våre? Det er stor stas når born eller vaksne for den del, kjem til dåp i kyrkja. I dåpen vert me sett inn i ein større samanheng, i kyrkja og i tradisjonen. Dåpen er konkret, med vatn og ord, og Gud fortel oss at Han har skapt oss og forplikta seg på å alltid vere der for oss. Dåpen er feiringa av livet med rom for ei ny byrjing – uansett alder!

Vestre Slidre har gode tradisjonar for dåp, og nå har me og kome med ein ny tradisjon. Dei som vert døypte, får ein dåpsengel. Her vert namnet og dåpsdatoen skriven på sløyfa og engelen hengt opp i den kyrkja dåpen er. Så etter om lag eit år, vert alle som er døypte invitert til messe der ein får med seg engelen sin heim. Fint, ikkje sant?

Det er mange mogleheiter for dåp i kyrkjene våre, og mange messer der dette passar perfekt. For at alle skal ha litt oversikt over kvar og kva tid det passar best med dåp, så set me opp ei liste over stadar og datoar. Det er og lov å tenkje litt utradisjonelt og ha dåpen på ei oppsett kveldsmesse, eller på ein av kveldsbønene på ein kvardag. Pip meg, så tek me ein prat om det. Gler meg til å møte både små og store til dåp i kyrkjene våre.

Janne prest



Dåpsenglar laga av glaskunstnar Anne Hilde Øigarden.

Messer som passar fint med dåp:

September:

22. i Slidredomen

29. i Røn

Oktober:

13. i Lomen

20. i Slidredomen

November:

3. i Røn

10. i Slidredomen

Desember:

15. i Røn

25. i Slidredomen

Januar:

1. i Øyar/ Røn

19. i Slidredomen

26. i Lomen

I tillegg til dette, er det moglegheit for dåpsgudsteneste (ei enkel messe for dåp) på desse dagane:

20. oktober kl. 13 i Røn,

3. november kl. 13 i Lomen

Frå dåp til dans og drap

Elisabeth og Sakarias var eit fromt, gammalt ektepar, som hadde heimen sin ein stad i fjellbygdene i Judea. Dei to levde trufast etter Herrens ord og bod og venta tålmodig på at Messias skulle koma. Den einaste sorga dei hadde, var at dei ikkje hadde fått noko barn.



Mike Moyers: Sakarias og Elisabeth.

Sakarias var prest. To gonger i året reiste han til hovudstaden og gjorde tenest i tempelet. Ein dag Sakarias var der, stod brått engelen Gabriel i rommet og kunngjorde at han og Elisabeth snart skulle bli foreldre til ein gut, og han skulle heite Johannes. Då Sakarias uttrykte tvil om dette, ettersom dei baa var såpass tilårskomne, slo engelen han stum – og stum vart han heilt til barnet var eit faktum.



Jesus og Johannes døyparen av Peter Paul Rubens.

Sakarias reiste heim, Elisabeth vart med barn, og frå fyrste stund i mors liv seiest det at fosteret var fylt av Den heilage ande. Etter ei stund vart Elisabeth vitja av ein slektning, sjølvaste jomfru Maria, som bar det komande Jesusbarnet under hjartet sitt. Dei to fekk etter kvart mykje å tala om. Johannes og Jesus var såleis i slekt. I fylgje tradisjonen er Johannes fødd eit halvt år før Jesus.


Med tida fødte Elisabeth guten, velskapt og ven, men då ho sa at han skulle heite Johannes, reagerte slekta sterkt og tykte det var rart, for det namnet aldri hadde vore i bruk der. Dei vende seg så spørjande mot stumme Sakarias. Han skreiv «Johannes» på ei tavle – og i det same fekk han att taleevna.



Freske av Domenico Ghirlandio: Sakarias skriver ned sin sønns navn.

Johannes vaks opp til ein strengt måtehalden mann. Som 27-åring gav han seg til i audemarka, og etter det Markus-evangeliet fortel var han berre kledd i eit kamelskinn, festa med ei lærreim om livet, og maten hans var gras-hopper og villhonning.

Her gjekk han i kring som ein botspredikant, og saman med disiplane forkynte han i strenge ordelag om endetida som var nær. Folk måtte skunde seg å vende om, angre syndene sine før det vart for seint og førebu seg på Messias og hans rike.



Johannes av Tizian.

Måten han uttrykte dette på gjorde til at folk strøymde ut til han i store mengder frå Jerusalem, heile Judea og landet attmed Jordan for å høyre og la seg gripe av bodskapen hans.



Johannes talar til folket av Pieter Bruegel d.e.

Så vart dei døypte i Jordanelva, som eit teikn på at dei hadde fått tilgjeving for alle misgjerningar dei måtte ha gjort.

- *Eg døyper dykk med vatn til omvending.*
- *Men han som kjem etter meg, er sterkare enn eg. Han skal døype dykk med Heilag Ande og eld!*

Etter dåpen skulle dei dele det dei hadde med kvarandre, vera ærlege i arbeidet sitt og ikkje misbruke makt.

Slik vart han til Johannes døyparen og sett på som ein vegryddar for Jesu kome og livsgjerning.

Mot maktpersonar retta Johannes skarp kritikk for umoral og urett, ikkje minst vart landsfyrsten, kong Herodes Antipas, grundig irettesett for alt det vonde han hadde gjort, og det utagerande livet han levde.

Tilhøva i slekta hans var av semraste slag. Der gifte dei seg med kvarandre og drap kvarandre på kryss og tvers, nekta seg ingen ting av verdslege goder; ikkje ein gong blodskam gjekk dei av vegen for. Herodes var gift med Herodia, som tidlegare var kona til halvbroren hans. I bådessa ekteskapa fekk ho sin eigen bestefar, Herodes den fyrste og store (!), som svigerfar...

Anten dette giftarmålet var motiver av attrå eller maktspel, var det på ingen måte ærefullt, og Johannes fordømte det offentlig,




Herodes Antipas, av ukjend kunstnar.

ved å vise til at Herodes etter Moselova ikkje hadde løyve til å ekte Herodia.

- *Du har ikkje rett til å ha kona til bror din!* sa han.
- Antipas svara med å kaste Johannes i fengsel.

Herodia var rasande for slik innblanding i privatlivet, og bar så sterkt nag til Johannes at ho ville få han drepen, og det med ein gong!



Herodia av Paul Delaroche 1843 – utsnitt.

Så enkelt var nok ikkje det, for Antipas hadde høg respekt for Johannes og visste godt at han var ein stor og heilag mann. Han vart faktisk både redd, uroleg og rådvill av det døyparen tala om og difor svært usikker på kva han skulle gjera med han. Difor heldt han lenge handa over Johannes.

Så baud det seg etter om lag to år eit høve: Herodes Antipas skulle feire årsmålsdag. Her vart det duka til festmåltid for stormennene hans, for offiserane hans og for dei mest framstående menn i Galilea. Der vart det fråtsa i vel-smakande kjøtetter, frukt, honningfylte bakverk og funklende vin. Snart steig stemninga, og det vart eit rett så lystig lag.

På slutten av måltidet, som kveldens høgdepunkt – kom Salome – den vakre dottera til Herodia – glidande inn i sin finaste stas for å underhalde selskapet. Til smektande rytmer frå orientalske instrument framførde ho «Dansen med dei sju slør» – ein eggande magedans – der dei sju sløra sakte, men sikkert, vart fjerna – eitt etter eitt...

Herodes og gjestene hans vart svært oppglødde over dansen, og kongen sjølv vart heilt trollbunden og så inn-teken i Salome at han sa til henne:

- *Be meg om kva du vil, så skal eg gje deg det!*
- Vidare svor han på det og sa:
- *Kva du enn bed meg om skal du få, om det så er halve kongeriket mitt!*


Då gjekk Salome ut til mor si og spurde:

- *Kva skal eg be om?*
- *Hovudet til døyparen Johannes!* svara Herodia kontant, for dette var høvet ho hadde venta på.


Straks skunda Salome seg attende til kongen og bar fram ynskjet sitt:

- *Eg vil at du no med det same skal gje meg hovudet til døyparen Johannes på eit fat!*

Kongen vart ille ved; opprørd og sorgfull, men fordi han hadde svore, og av omsyn til gjestene som hadde høyrte kva han sa, ville han ikkje seia nei til henne. Straks sende han



Salomes dans av Gustav Moreau.



Bilde av Ontario Marinari.

Ei stund seinare, då Herodes kom på det reine med at det fanst ein mann med namnet Jesus, som reiste rundt, helbreda sjuke og dreiv ut demonar på folk, vart han atter uroleg, rådvill – og redd.

Han undrast svært på om denne mannen eigentleg kunne vera døyparen Johannes som var vorten «oppreist frå døden»...

Diktarar og biletkunstnarar har gjennom tidene skildra denne dramatiske hendinga gjennom talrike kunstuttrykk.

Komponisten Richard Strauss står bak ein eigen opera, kalla «Salome», der librettoen (handlinga) er henta frå ein tekst av Oscar Wilde. Det er her «Dansen med dei sju slør» dukkar opp. Den er ikkje nemnd i Bibelen.

Frå renessansen og opp til vår tid finn vi motiv frå Johannes sitt liv både i målarstykke, skulptur og kyrkjemusikk, som til dømes «Johannespasjonen» av Johann Sebastian Bach.

Minnedag for Johannes døyparen er den 24. juni, sankthans eller jonsok, midt i den lysaste sumartida. Kyrkjefedrane grunnjev at Johannes vart frelst frå arvesynd alt i mors liv, og difor vart fødselsdagen hans viktigare enn dødsdagen. Til vanleg vert helgenane feira på dødsdagen sin, og Johannes er i så måte eit sjeldsynt unntak. Han vart ein av dei mest populære av helgenar, ganske sikkert fordi han vart sterkt knytt til dåpshandlinga, og han er rekna som den største etter Jesus.

Johannesdåpen var den jødiske dåpen; han døypte og Jesus i Jordanelva. Det vart inngangen til Jesu offentlege gjerning.

Mange har kalla gutebarna sine Johannes etter han, eller variantar av namnet, som Jon, Johan, Hans og liknande.



Avrettinga – the decapitation – av Johannes av Caravaggio.

i veg bøddelen sin, som gjekk direkte til fengselet og hogg hovudet av Johannes.

Deretter la han det avhogne hovudet på eit fat og gav det til Salome. Ho bar fatet vidare til mor si, som stod trippande klar til å ta i mot bestillingsverket sitt.

No hadde Herodia endeleg fått det som ho ville.

Då Johannes sine disiplar fekk høyre kva som var hendt, kom dei og henta den hovudlause lekamen til Johannes og fann ein høveleg gravplass til han i Sebaste i Samaria.

Sigrun Sørensen

Dugnad Lomen kyrkje 11. mai



Fin gjeng stilte til dugnad ved kirka i dag. Det ble ordnet ute på kirkegården, og vasket inne. Soknerådet stilte med kaker og kaffe, og fekk også planta på de utvalgte gravene og begynt å male.

Tekst og bilete: Linda Krossøy

Gamlestogo på Lome

Ved inngangen til kyrkjegoto som går bort til stavkyrkja, ligg gamlestogo på Lome. Huset er frå 1800 – talet, og var i bruk som bustadhus fram til 1940. I fjor opna Lisa Ormestad stogo for sal av kaffe, lappar og sjølvstrikka plagg. Huset er fint restaurert, og er eit godt døme på eit typisk våningshus på ein valdresgard på 1800 – talet. Nils Einar, mannen til Lisa, døydde for vel to år sidan, og gamlestogo var eit prosjekt dei to begynte på saman. Det er triveleg å koma inn dit, og stogo er ein del av miljøet rundt stavkyrkja. I år er andre året ho held ope i gamlestogo ut juli.

Takk for kaffer og lappar, Lisa og Hedvig!

Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg



Velkomen inn!



Hedvig Nora hjelper bestemor, mosse, i gamlestogo og lærer å hekle mellom øktene.




Lisa er svært flink med strikkepinnar og heklenål, dessutan syng ho flott!



Fint gammalt framskåp i gamlestogo.

Dugnader ved Røn kyrkje og Øyjar kapell 6. og 7. mai

Omlag 20 peronar møtte til dugnad ved Røn kyrkje. Soknerådet serverte kaffe og kaker, og arbeidet gjekk fort og greit! «Gutane» i soknerådet er jamen brukande til det meste, dei fekk opp nye opplagstavler ved båe kyrkjene. Dagen etter var me ved Øyjar, her var me omlag ti stykkje. Alt klart til 17. mai!



Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg

Pilegrimsfelleskapet St Thomas i Valdres

- Legg staven frå deg på altarringen
- Legg børa di frå deg

3. juli kom pilegrimsfylgjet fram til Slidre. Det var ein svært takknemleg og munter gjeng som sette stor pris på å få servert eit godt måltid før dei gjekk til Slidredomen. Jahn Børe Jahnsen var turguide frå Røn til Slidre og hadde omvising i kyrkja, Eli Vatn, pilegrimspresten, held gudsteneste, etterpå var det kaffe og kaker i kulturkafeen og kulturelt innslag ved Johanna. Alle pilegrimane vart heidra med medalje i St Thomasordenen, ein orden som nok er «innstifta» av Jahn Børe Jahnsen, og han sjølv er sjølvutnemnd riddar. Emblemet er inspirert av innviingskrossen i Slidredomen.

Denne gongen overnatta dei omlag 20 pilegrimane i prestegarden, og fleire sov dårleg på grunn av torevêr og ein alarm som heldt det gåande. Men, ein frisk og

glad gjeng møtte tidleg til frokost som Slidre sokneråd også hadde ordna. Me ynskte dei god tur vidare og fekk høyre at dei var svært nøgde med å få koma til Vestre Slidre.

Pilegrimsturen er 162 km lang, startar frå Hedalen stavkyrkje og endar på St Thomaskyrkja på Filefjell. Turen går innom fire valdreskommunar, seks nyare kyrkjer, fem stavkyrkjer, fire olavsminne, tre steinkyrkjer, to relikvieskrin og ein runestein. Arbeidet med nyopning av pilegrimsvegen i Valdres starta i 2004

- Ein pilegrim går frå noko og kjem til noko

Tekst: Johanna Fuglesteg og Edith Helle

Bilete: Johanna Fuglesteg



Eli Vatn.



St Tomasorden, sjølvutnemnd riddar.



Toril, Arne og Edith frå Slidre sokneråd syter for at pilegrimane får god mat!

Olsok i Lomen



Kyrkjegarden ved Lomiskyrkja med gamle hus i bakgrunnen.

Kor mange år har det vore halde olsokmesse i Lomen stavkyrkje?

I år møtte mellom 50 og 60 fram for å vera med. Vêret var strålende, Lomen sokneråd stilte opp med sal av rømmegraut (kokt av Anne Marit Hålien), kringle (baka av Ingrid Røvang) og kaffe før messa, det smakte så godt at dei gjekk tomme for graut før dei siste kom...

Gjermund Haugen og Einar Lome ringde frå stupulen, klokkeklangen under Lomisberget treng me å høyre på ein slik dag!

Salmesongen steig under andreaskrossane, langeleiken lét med sprø tone, Janne prest tala så me kjende det i hjartet.

Takk, alle saman!



Solstrimer innover golvet, mykje folk og god stemning.



Kringle, kaffe og rømmegraut med saft, Lomen sokneråd får det til!



Klokkeklang frå stupulen.

**Tekst: Johanna Fuglesteg
Bilete: Linda Krossøy**

Messe 7. juli

Det regna heile kvelden den sjette juli, og det regna til langt på natt sjuende juli. Sjølv om det var opphald om morgonen, var det uaktuelt å ha utemesse på stavkyrkjetomta på Fystro. Me bestemde i all hast å bruke gamleskulen i Røn i staden. Eline og Øyvind Berge på Fystro har vore strålende vertskap fleire gonger, me syntest det var for mykje å forlange at dei skulle stille opp på så kort varsel.

Omlag 20 møtte til gudsteneste, gamleskulen i Røn har no innlagt straum, så både lys og varme finst – på meir enn ein måte. Langeleiken vart brukt til preludium og postludium denne gongen, og Janne og Magnhild skapte høgtid for oss. Soknerådet i Røn stilte med kyrkjekaffe, og me fekk ei triveleg stund!

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Veslemøy Kvamme



Kyrkjekaffe og god prat.



Kos og kringle.



Kateteret vart fint altar.



Hadde ikkje kyrkjeklokke, fann ein gamal pokal og ei skei!



Magnhild og Janne i gamleskulen.

Mo kyrkjeruin 21. juli

Me var litt betre førebudde i år enn i fjor – Per Håvard hadde fått beskjed om at me kom! Graset var slege, to strålende dåpsbarn var på plass saman med heile slekta, Nils Olav hadde henta krakkar i prestegarden, døypefat frå Slidredomen og dåpsvatn frå Olavskjelda på Tvenge. Vêret var fint, det òg...

Janne døyper barn med stor varme! Ho snudde også på preiketeksten; i staden for «Kvinna som vart gripen i ekteskapsbrot», tala ho om mennene som kom til Jesus med henne, dei som vart «gripne i hykleri...»

Eivind Dølerud sytte for musikk og tonefylgje til salmane, Meistervalsen som postludium høyrer ein ikkje kvar søndag!

Soknerådet i Slidre ved Toril og Per Håvard serverte kaffe, saft, vaflar og kald tankmjølk, nam!

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Janne Sukka



Marit Løken Hovda med stolte foreldre og fadderar.



Louise Strømsem med foreldre, besteforeldre og oldeforeldre.

Øyjar kapell 60 år!

Øyjar kapell vart innvigd sumaren 1964.

Sundag 15. september markerer me dette med ein flott og spesiell konsert i Øyjar:

Tonar frå fjell

Gjennom tonar og tekstar knytte til fjell- og seterliv vil Ingrid Lingaas Fossum og Vemund Olav Aukrust freiste å formidle ulike tilhøve til fjellheimen. Vi får høyre valdresspringar og springleik, lyarlåttar og bånsullar, og nyare, meir klassiske verk. Låttespelet på langeleik får saftige orgelkomp, men instrumentet vil òg spele ei rolle som rytmisk komp.

Ingrid Lingaas Fossum frå Valdres (f. 1991), er ei av landets fremste unge langeleikutøvarar, og for tida bachelorstudent i tradisjonsmusikk på Ole Bull-Akademiet. Vemund Olav Aukrust frå Lom (f. 1996) er utdanna kyrkjemusikar frå Norges musikkhøgskole (NMH) og HMDK Stuttgart, og tek for tida mastergraden i utøvande orgel hjå Karin Nelson og Kåre Nordstoga på NMH.



Ingrid Lingaas Fossum – langeleik, kraviklyre og vokal. Vemund Olav Aukrust – trøorgel.

Mona Dalen har arbeidd med eit hefte om Øyjar som inneheld historia både om den stavkyrkja som stod der fram til 1748, og om den nye kyrkja som vart reist 216 år etterpå. Noko av dette stoffet blir presentert i samband med konserten. Det blir teke inngangspengar, me må betala utøvarane og skaffe midlar til utgjeving av heftet! Velkomne til Øyjar 15. september kl 18.00!

BABYSANG



Velkommen til babysang i Kyrkjestogo i Slidre

- Torsdag 5. sept kl 11
- Torsdag 26.sept kl 11
- Torsdag 17. okt kl 11
- Torsdag 7. nov kl 11
- Torsdag 28. nov kl 11

Velkommen!

Arr: Kyrkja i Vestre Slidre, Jovita og Janne

Utleige av Røn kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Røn er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy til minst 60 personar, industrioppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1250,-

Ta kontakt med leiar av Røn sokneråd.

Marianne Tuvmarken. mob. 48211552

Utleige av Slidre kyrkjestogo

Kyrkjestogo i Slidre er til leige for lag, foreiningar og privatpersonar.
Huset har dekketøy og plass til omlag 30 personar, det er oppvaskmaskin og kjøleskåp.

Leigesum er kr 1000,-

Ta kontakt med leiar i Slidre sokneråd,

Edith Helle, tlf 99037532

KYRKJELEGE HANDLINGAR

1. mars – 15. august 2024

Jordfesta	Lomen sokn:	22.03	Per Lykkja	f. 1930 (urne)	
		31.05	Jorunn Lome	f.1947	
	Slidre sokn:	08.03	Bjørg Marie Snortheim Dimitrova	f. 1949	
		08.03	Dimitar Enev Dimitrov	f. 1947	
		05.04	Per Myren	f. 1934	
		07.06	Per Kristian Lahaug	f. 1954	
	Røn sokn:	30.04	Andris Tuvmarken	f. 1945	
		16.07	Olav Oddgeir Haugli	f. 1938	
		09.08	Dagfinn Hakon Kvale	f. 1933	
			Bustad i USA, urne til Røn		
	Dåp	Slidre sokn:	31.03	Lukas Øyen Leirhol	
			28.04	Trym Lofthus Volden	
05.05			Ronja Myrheim (Døpt i Volbu)		
21.07			Marit Løken Hovda – Mo kyrkjeruin		
21.07			Louise Strømsem – Mo kyrkjeruin	(Bustad Drammen)	
Røn sokn:		17.03	Ellinor Bekkekvold Tjernslien	(Øyjar kapell)	
		23.06	Olav Fjørstad Røn		
Vigsel		Lomen sokn:	10.08	Elin Moldstad og Lars Erik Nordahl (Bustad Alvdal)	
		Slidre sokn:	22.06	Ellen Kristine Palm Dalbø og Daniel-Andrè Hågensen (Bustad Oslo)	
		Røn sokn:	11.05	Inger Lise Fredriksen og Audun Fystro	

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og i avisa «Valdres».

Dato	Dag	Tid	Stad
SEPTEMBER			
08.09.24	16. s i treeiningstida	11.00	Lomen, utdeling av seksårsbok
22.09.24	Mikkelsmesse	11.00	Røn, utdeling av fireårsbok
OKTOBER			
13.10.24	21. s i treeiningstida	11.00	Lomen
15.10.24	Mat og messe	18.00	Røn
20.10.24	22. s i treeiningstida	11.00	Slidre
NOVEMBER			
03.11.24	24. s i treeiningstida	11.00	Røn, lys vaken
10.11.24	25. s i treeiningstida	11.00	Slidre
12.11.24	Messe i ei travel tid	17.00	Slidre. Enkel middag og kveldsbøn for små og store
24.11.24	27. s i treeiningstida	18.00	Lomen, lysmesse med konfirmantar
DESEMBER			
01.12.24	1. s i advent	11.00	Slidre
15.12.24	3. s i advent	11.00	Røn

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kva takkofferet går til.

Vær utålmodig menneske

Langsamt blir allting til.
Skapelsen varer evig.
Mørket ble lys og lyset ild,
og mennesket våknet en dag og sa:
Jeg vil.
Langsamt blir allting til.
Langsamt seiler vår jord mot en ukjent havn.
Ingen kan måle vår fremtid,
og ingen kan gi den navn.
Men dette vet vi,
at vi er med på å skape det evige livet,
skape det ondt eller godt.

Vi vil ikke tape.
Vi vil ikke miste den ilden vi engang har fått.
Mange var veiene. Det bar galt avsted.
Styrken ble makt, og makten vold.
Og mennesker trampet hverandre ned.
Men alltid var drømmen den aller ytterste
virkelighet.
Langsamt blir allting til.
Det haster, det haster. Det kan gå galt igjen.
Hva er det vi vil?
Drømmer og utopier, sier de kloke menn,
de som er kalde av hjertet.

Hør ikke på dem lenger!
Livet er ikke bare hus og mat og penger.
Vi er bestandig på vei,
bestandig et stykke lenger,
alltid på vei mot menneskehetens seir eller
nederlag.
Det haster, det haster idag!
Vær utålmodig, menneske!
Sett dine egne spor!
Det gjelder vårt evige, korte liv.
Det gjelder vår jord.

Inger Hagerup

Konfirmasjon

I mai er det konfirmasjonar i Vestre Slidre, kvart år. Sokne-
råda kjøper inn ei rose til kvar konfirmant, sorterer tele-
gram og legg dei i posar saman med rosa. Desse blir så delt
ut når dei kjem ut av kyrkja.



KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk frå måndag – torsdag frå kl. 09.00 – kl. 15.00.
Det vil vere stengt innimellom pga møter, kurs og befarung – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	E-post
Janne Sukka	45861038	Sokneprest	js593@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjevevje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslie	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Sofia Bergheim	48624468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Reinhaldar i alle sokna	johfugl@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Klokkar i Røn, Øyar og Lomen sokn	j-ole-b@n2u.no
Einar Lome	99310408	Klokkar i Slidre sokn	einar.lome@hotmail.com
Anne Berit Strømmen Strand	97597150	Ringar i Slidre	
		Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	
		Kom. valt repr. i Kyrkjeleg fellestråd	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>. Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

God haust frå redaksjonen!

Sigrun Sørensen, Toril Olvik, Jovita S. Bergheim, Johanna Fuglesteg,
Linda Krossøy og Marit Strømmen

E-post til Kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com.

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!

 SLIDRE BYGG	 Kampenes - BEGRAVELSESBYRÅ - Tlf.: 61 36 17 70	Valdres Motor & Bilskade AS Ryfoss Bilskader – Leiebiler – BMW Service
 Vestre Slidre kommune Heilt naturleg – ekta vare	 Brødrene Snortheimsmoen Graving – Transport – Mobilknsung 2960 Røn Tlf.: 957 26 310 – 917 92 750	Tenk sikkerhet, bruk fagfolk Vestre Slidre EI-installasjon A/S Tlf.: 61 34 32 90 elektriker-slidre.no
 joker RYFOSS - helt i nærheten Tlf. 97068077 www.joker.no	 Røfisk FRÅ VALDRES ETBL. 1965 TLF. 918 44 501 RØN GARD	 TVEITABRU
 Selskap og bryllup Aktiviteter Catering prell@brennablu.no 06 36 61 21 02 brennablu.no	 MASKINENTREPRENØR Ola Jorgen Fauske Web: 95 12 43 90 Gravering - Spvenning - Pflanzung	 TAKSTKONTORET valdres Tlf. 911 81 534 – Mail: post@valdrestakst.no
 Haugrudbygg AS	 Fosheim Interiør	 Bt Byggtorget Fosheim Sag
 coop prix Vestre Slidre Slidrevegen 14 2966 Slidre Tlf. 61345990	 Valdres Varme & Sanitær Gunnar Hovda – Tlf. 481 27 903 Industrivegen 41 – Ryfoss	 Wangensten AS Golsvegen 23 2920 Leira i Valdres

Takk til alle annonsørar for støtte til distribusjon av bladet vårt.